

Energi Norges standardavtale for nettleige og vilkår for tilknytning



INNHALD

Standard Nettleigeavtale - Privatkundar	3
Standard tilknytningsvilkår - Privatkundar	14
Definisjoner	23

Energi Norge sine standardavtaler 2007 er eit resultat av tingingar mellom Energi Norge og Forbrukerombudet. Standardavtalane skal nyttast ved levering av straum og nettenester til private forbrukarar (hushald/hytter). Standardavtalane frå 2007 avløyser tidlegare standardavtaler frå 2002. Behovet for nye avtalar vart i fyrste rekkje utløyst av nye reglar i forbrukarkjøpslova, annan forbrukarlovgeving og endringar i ei rekkje føresegner, gitt av mellom anna NVE og Justervesenet.

Endringane med omsyn til straumavtalar i forbrukarkjøpslova vart sett i verk 1.1.2007 og gjeld såleis nå. Dei nye standardavtalane gjeld frå det tidspunkt dei vert vedteken tatt i bruk mellom verksemd og kunde, jf. føresegnene i Standardavtalane frå 2002 om å setje i verk endringar i avtaleforholdet. Standardavtalene omfattar tre enkeltavtalar:

- Kraftavtalen som regulerer tilhøvet mellom mellom kunden og kraftleverandøren.
- Nettleigeavtalen som regulerer tilhøvet mellom kunden og nettverksemda.
- Tilknytingsavtalen som regulerer tilhøvet mellom eigaren av den elektriske installasjonen som skal eller er knytta til nettet og nettverksemda.

Enkelte omgrep er forklart nærare i ein eigen definisjonsliste som er lagt ved avtalane.

Publ.nr. 432f-2007

© Energi Norge



Energi Norge
Postboks 7184
Majorstuen
0307 Oslo

Telefon: 23 08 89 00
Telefaks: 23 08 89 01
post@energinorge.no
www.energinorge.no

STANDARD NETTLEIGEAVTALE - Privatkundar

§ 1	PARTANE I NETTLEIGEAVTALEN	5
§ 2	AVTALEFORHOLDET OG AVTALE OM NETTLEIGE	5
§ 3	PERSONOPPLYSNINGAR	5
§ 4	VERKEOMRÅDE OG FØRESETNADER I NETTLEIGEAVTALEN	5
§ 4-1	Verkeområde.....	5
§ 4-2	Føresetnader i nettleigeavtalen	5
§ 4-3	Redusert overføring i nettet	6
§ 5	MÅLING OG MÅLARAVLESING	6
§ 5-1	Installasjon og drift av måleutstyr	6
§ 5-2	Målaravlesing.....	6
§ 5-3	Kontroll av måleutstyr	6
§ 5-4	Feil ved måleutstyr.....	7
§ 5-5	Meirforbruk som følge av feil i anlegg.....	7
§ 5-6	Varslingsplikt.....	7
§ 6	AVREKNING, PRIS- OG BETALINGSVILKÅR	8
§ 6-1	Betalingsplikt og sikring av betaling	8
§ 6-2	Tariffar	8
§ 6-3	Utrekning og betaling av nettleige.....	8
§ 6-4	Endring i tariffar og betalingsvilkår.....	8
§ 6-5	Avrekningsfeil	8
§ 7	STENING AV KUNDEN SITT ANLEGG	9
§ 7-1	Vilkår for stening	9
§ 7-2	Prosedyrar for stening.....	9
§ 7-3	Gjenopning av stengt anlegg.....	9
§ 7-4	Erstatningsansvar ved rettmessig stening	9
§ 8	UTKOPLING OG INNKOPLING AV INSTALLASJONEN	10
§ 8-1	Utkopling og innkopling.....	10
§ 8-2	Fråkopling utan nærare varsel.....	10
§ 8-3	Utkopling etter nærare varsel.....	10
§ 9	INKASSO	10
§ 10	KONKURS	10
§ 11	OPPSEIING AV NETTLEIGEAVTALE	11
§ 11-1	Oppseiing.....	11
§ 11-2	Avrekning ved oppseiing	11
§ 12	KUNDEN SINE KRAV VED FORSEINKING og MANGLAR	11
§ 12-1	Forseinking	11
§ 12-2	Mangel.....	11
§ 12-3	Kunden sine krav ved forseinking eller manglar	11
§ 12-4	Utbetaling til kunden ved svært langvarige avbrot	11

§ 12-5	Avhjelp.....	11
§ 12-6	Reklamasjon.....	12
§ 13	ERSTATNING	12
§ 13-1	Nettselskapet sitt erstatningsansvar.....	12
§ 13-2	Opplysningsplikt ved avbrot og spenningsvariasjonar	12
§ 13-3	Produktskade.....	12
§ 13-4	Erstatningsomfang.....	12
§ 13-5	Plikt til å avgrense tapet. Lemping av ansvar	12
§ 13-6	Kunden sitt erstatningsansvar	13
§ 14	NY NETTAVTALE INNAN SAME HUSSTAND.....	13
§ 15	TEIEPLIKT.....	13
§ 16	ENDRINGAR I STANDARD NETTLEIGEAVTALE.....	13
§ 17	TVISTAR.....	13

§ 1 PARTANE I NETTLEIGEAVTALEN

Nettleigeavtale vert inngått direkte mellom nettselskapet som leverandør av nettenester og kunden som brukar av nettenester.

Nettselskapet kan overlata til tredjepart å utføre tenester i samsvar med forskrifter til energilova frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Ektefellar heftar for felles opparbeidd gjeld i samsvar med ekteskapslova § 41.

§ 2 AVTALEFORHOLDET OG AVTALE OM NETTLEIGE

Overføring av elektrisk energi frå nettselskap til forbrukar er regulert av forbrukarkjøpslova. Ved motstrid mellom denne nettleigeavtalen og forbrukarkjøpslova sine reglar, skal lova sine reglar gå først. Dette gjeld likevel berre dersom nettleigeavtalen sine reglar kan seiast å stille forbrukaren dårlegare enn det som følgjer av forbrukarkjøpslova.

Standard nettleigeavtale skal inngåast skriftleg etter tinging frå kunden. Etter motteken tinging sender nettselskapet kunden to eksemplar av nettleigeavtalen med vedlagde tilknytingsvilkår, og bed om at eitt underskrive eksemplar av nettleigeavtalen vert returnert.

Dersom uttak av kraft skjer utan at gyldig nettleigeavtale ligg føre, føreset ein at brukaren har godteke og er omfatta av nettselskapet sine vilkår for nettleige. Dersom gyldig kraftleveringsavtale ikkje ligg føre, føreset ein at brukaren har godteke og er omfatta av nettselskapet sine vilkår for levering av kraft i samsvar med reglane om leveringsplikt.

Ved tvil om forståing av omgrep og uttrykk som er brukte i denne avtalen, skal definisjonane i vedlagde definisjonsliste leggst til grunn. Dette med mindre noko anna er sagt i eller går fram av samanhengen i denne avtalen.

§ 3 PERSONOPPLYSNINGAR

Ved inngåing av standard nettleigeavtale kan nettselskapet krevje identifikasjon av kunden, med opplysningar om kunden sitt fulle namn, fødselsdato/føretaksnummer, noverande og tidlegare bustad-/næringsadresse, m.v.

Nettselskapet har også rett til å krevje opplysningar om forbruksdata, m.a. opplysningar om anlegget heilt eller delvis er tenkt brukt til bustad-, fritids- eller næringsformål. Dersom anlegget hovudsakleg vert brukt til næringsverksemd, kan nettselskapet krevje at det inngått eigen avtale for næringsverksemda.

§ 4 VERKEOMRÅDE OG FØRESETNADER I NETTLEIGEAVTALEN

§ 4-1 Verkeområde

Nettleigeavtalen omfattar vilkår for bruk av nettet til uttak av kraft. Nettselskapet stiller overføringskapasitet i det elektriske nettet sitt til disposisjon for kunden på dei vilkår som følgjer av standard nettleigeavtale og gjeldande tariffar, og lover og forskrifter som måtte ha innverknad på forholdet mellom nettselskapet og kunden.

Annan bruk av nettet, t.d. signaloverføring, kan berre skje etter skriftleg avtale med nettselskapet.

§ 4-2 Føresetnader i nettleigeavtalen

Nettselskapet har som hovudregel ei plikt til å gi alle tilgang til nettet (tilknytingsplikt). Tilknytninga skjer i samsvar med lov og forskrifter og nettselskapet sine tilknytingsvilkår. Ønskjer kunden endra

tilknytingsvilkår, tek ein dette opp med nettselskapet. Nettselskapet sine plikter etter forskriftene vedkomande informasjon og endring av tariffar, gjeld også tilknytingsvilkår og endringar i desse.

Nettet skal tåle vanleg bruk av godkjent utstyr frå kunden, inkludert bruk av ny teknologi /utstyr som er vanleg i bruk i hushaldningar. Dersom kunden ønskjer å kople til anna utstyr som krev større effektuttak, eller som vil kunne vere til sjenanse eller skade for den tekniske drifta av nettet, for nettselskapet eller andre nettkundar, skal bruken av slikt utstyr godkjennast av nettselskapet før tilkopling.

Det er ein føresetnad at kunden sin bruk av nettet ikkje verkar forstyrrende for andre nettkundar eller den tekniske drifta av nettet. Som forstyrrende bruk av nettet vert rekna mellom anna forhold i kunden sitt anlegg som medfører avvik i dei krava til leveringskvalitet nettselskapet er forplikta på etter statens regelverk, jf mellom anna forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet.

Kunden skal utan ugrunna opphald varsle nettselskapet om hendingar i eige anlegg eller eige utstyr dersom hendingane kan føre til at nettselskapet får problem med å kunne oppfylle pliktene sine om leveringskvalitet, jf forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet.

§ 4-3 Redusert overføring i nettet

Dersom nettselskapet som følgje av uventa hendingar i overliggande nett, rasjonering eller offentlege pålegg må redusere kraftoverføringa i nettet, fastset nettselskapet i samsvar med gjeldande lovverk korleis tilgjengeleg overføringskapasitet i slike tilfelle skal disponerast til beste for heile konsesjonsområdet.

§ 5 MÅLING OG MÅLARAVLESING

§ 5-1 Installasjon og drift av måleutstyr

Nettselskapet fastset type måleutstyr, eig måleutstyret og har ansvaret for installasjon, drift og kontroll av dette. Dersom kunden ønskjer installert eige måleutstyr i tillegg, skjer dette for eiga rekning og etter skriftleg avtale med nettselskapet. Utstyret og plasseringa av det må vere godkjent på førehand av nettselskapet.

§ 5-2 Målaravlesing

Målaravlesing vert gjennomført i samsvar med nettselskapet sine rutinar og gjeldande forskrifter.

Ved sjølvavlesing skal kunden så langt det er råd lese av og melde til nettselskapet i samsvar med dei fristane som er oppgjevne av nettselskapet.

Dersom målaravlesing mangler, har nettselskapet rett til å fastsette kunden sitt uttak skjønsmessig. Dersom nettselskapet mottek målarstand etter fastsett frist, tek ein omsyn til denne ved første påfølgjande avrekning. Nettselskapet pliktar å sjå til at alle målepunkta er avlesne minst ein gong i kalendaråret og ved leverandørskifte/opphøyr av kraftleveranse med mindre dette medfører urimeleg kostnad eller ulempe for nettselskapet.

Målaravlesing skal også gjennomførast ved leverandørskifte og ved opphøyr av leveranse.

§ 5-3 Kontroll av måleutstyr

Begge parter kan når som helst krevje kontroll av nettselskapet sitt måleutstyr. Dersom det er råd, skal kontrollen gjennomførast som seriemåling. Som ein del av denne kontrollen utfører nettselskapet også rutinemessig kontroll for å fastslå om påståtte feil kan skuldast jordfeil, feilkoplingar m.m. Den rutinemessige kontrollen omfatter ikkje kontroll i kunden sitt eige anlegg. Kunden er sjølv ansvarleg for kontroll, ettersyn og vedlikehald av dette anlegget.

Dersom det vert forlanga ytterlegare kontroll av utstyret, skjer dette av eit laboratorium som er godkjent/akkreditert av Justervesenet. Laboratoria skal vere uavhengige av dei som har ansvar for å ta avgjerder som er basert på testresultata.

Den som forlangar måleutstyret kontrollert, dekkjer kostnadene ved kontrollen. Dersom kontrollen viser måleavvik større enn det som er tillate etter forskrift om krav til elektrisitetmålarar til sals og forskrift om elektrisitetmålarar under bruk, skal nettselskapet koste kontrollen.

§ 5-4 Feil ved måleutstyr

Dersom eit måleapparat ved kontroll viser meir eller mindre enn det verkelege forbruket, eller dersom måleapparatet ikkje har verke, kan nettselskapet stipulere forbruket. I den grad det er råd, reknar ein forbruket på grunnlag av anlegget sitt tidlegere normale forbruk eller på basis av nye kontrollmålingar i ein tilsvarande periode. Dette gjeld ikkje dersom kunden kan sannsynleggjere at forbruket i den aktuelle perioden har vore lågare, eller dersom nettselskapet kan sannsynleggjere eit større forbruk.

Kunden blir belasta eller godskriven for den summen som svarar til differansen mellom det stipulerte forbruket og det målte forbruket for den tida målarfeilen kan ettervisast. Resultatet av målekontrollen skal gjerast tilgjengeleg for begge partar.

Etterrekning/godskriving skjer frå og med siste betalingsfrist etter at feilen vart oppdaga og som hovudregel ikkje ut over 3 år, jf lov om forelding av fordringar.

Når feilen kan tilskrivast nettselskapet, kan nettselskapet ikkje krevje etterbetaling dersom kunden var i aktsam god tru.

Tilbakebetaling eller tilleggsbetaling kan ikkje krevjast ved ei feilvisning som er mindre enn det som er tillate etter forskrift om elektrisitetmålarar under bruk.

§ 5-5 Meirforbruk som følgje av feil i anlegg

Kunden svarar for feil/manglar i eige anlegg. Hvis ein feil eller mangel i kunden sitt eige anlegg gjer at måleutstyret har registrert eit forbruk som kunden ikkje har kunna nytte (meirforbruk), har kunden normalt ikkje krav på tilbakebetaling av nettleige/kraftpris.

Nettselskapet svarar for feil/manglar i eige anlegg. Dersom ein feil eller mangel ved nettselskapet sitt eige anlegg gjer at måleutstyret hos kunden har registrert eit forbruk som kunden ikkje har kunna nytte, har kunden normalt krav på full tilbakebetaling (nettleige og kraftpris).

Dersom det registrerte meirforbruket skuldast feil/manglar både i kunden sitt eige anlegg og feil/manglar i nettselskapet sitt anlegg eller i ein annan kunde sitt anlegg, svarar nettselskapet og kunden som hovudregel kvar for halvparten av det registrerte meirforbruket (nettleige og kraftpris).

I denne samanhengen definerer ein feil eller mangel som avvik frå eit anlegg i forskriftsmessig stand, jf forskrift om elektriske lavspenningsanlegg og forskrift for elektriske anlegg – forsyningsanlegg (FEAF), og vidare om brytarutstyr for jordfeil er montert i samsvar med offentlege forskrifter.

Hovudregelen kan fråvikast dersom den eine av partane har medverka til meirforbruket ved eiga skuld, dersom det er rimeleg når ein tar omsyn til i kva grad åtferda har medverka til at meirforbruket vart registrert. I denne vurderinga skal det leggjast vekt på om partane si varslingsplikt etter § 5-6 er halden.

Meirforbruket skal utreknast ut frå kunden sitt tidlegare normalforbruk i tilsvarande periode, med mindre ein av partane kan sannsynleggjere eit anna forbruk i den perioden feila/manglane verka, jf reglane om stipulering ved feil i måleutstyr i § 5-4.

§ 5-6 Varslingsplikt

Dersom ein av partane oppdagar feil ved målinga, for eksempel meirforbruk, pliktar han å varsle den andre parten innan rimeleg tid.

§ 6 AVREKNING, PRIS- OG BETALINGSVILKÅR

§ 6-1 Betalingsplikt og sikring av betaling

Kunden har betalingsplikt for dei tenestene som nettselskapet yter. Nettselskapet kan be om at det vert stilt sikring for nettleige i inntil 4 månader dersom det vert gjort sannsynleg at det er fare for at kunden ikkje vil halde betalingsplikta. Ei slik oppmoding kan på same vilkår setjast fram også etter at nettleigeavtale er inngått.

§ 6-2 Tariffar

Nettselskapet skal på avtaletidspunktet gi kunden informasjon om gjeldande tariffar for nettleige. Tariffane skal gjerast kjende i ein eigen brosjyre eller i annan skriftleg informasjon som er tilgjengeleg for nettkundane, eksempelvis i ein avis som er alminneleg lesen i distriktet eller vise til stad der tariffane er tilgjengelege, for eksempel på nettselskapet si heimeside på Internett.

Nettselskapa pliktar på førespurnad og innan rimeleg tid å gi kundar informasjon om utrekningsgrunnlaget for egne tariffar og korleis ein reknar ut tariffane for ulike kundegrupper.

Ved usemje mellom nettselskap og nettkunde om tariffar og andre overføringsvilkår, pliktar nettselskapet å informere kunden om at Norges vassdrags- og energidirektorat er kontrollinstans.

§ 6-3 Utrekning og betaling av nettleige

Dei måleverdiane som vert avlesne av nettselskapet sitt måleutstyr, dannar åleine grunnlaget for utrekning av nettleige og energiforbruk/energifyt i målepunktet. Nettleiga skal betalast i samsvar med gjeldande tariff med tillegg av offentlege avgifter og normalt etter faktisk målt forbruk i perioden.

Fakturaen forfell til betaling i samsvar med nettselskapet sine normale faktureringsrutinar, og skal tilfredsstillende krav til fakturering fastsett i forskrift til energilova.

Rente for sein betaling vert lagt til etter lov om forsinkelsesrente og vert rekna frå betalingsfrist.

§ 6-4 Endring i tariffar og betalingsvilkår

Nettselskapa skal informere kunden om endringar i tariffar og/eller andre betalingsvilkår i rimeleg tid før endringar trer i kraft. Endringar skal kunngjerast ved direkte melding til kunden eller på annan eigna måte og skal innehalde ei grunngjeving for eventuelle tariffendringar.

§ 6-5 Avrekningsfeil

Nettselskapet skal godskrive kunden, eller kan krevje etterbetaling for ein kvar avrekningsfeil. Tilbakebetaling eller tilleggsbetaling ved avrekningsfeil kan krevjast for den tida feilen kan ettervisast. Etterkrav/godskriving skjer frå og med siste betalingsfrist etter at feilen blei oppdaga og som hovudregel ikkje ut over 3 år, jf lov om forelding av fordringar. Slikt oppgjer skal normalt gjerast i samband med førstkomande fakturering etter at feilen var klarlagt.

Når feilen kan tilskrivast nettselskapet, kan nettselskapet ikkje krevje etterbetaling dersom kunden var i aktsam god tru.

Nettselskapet skal straks etter at det er oppdaga avrekningsfeil eller andre feil knytt til måledata, informere kunden sin kraftleverandør om dette.

§ 7 STENGING AV KUNDEN SITT ANLEGG

§ 7-1 Vilkår for stenging

Nettselskapet kan stenge kunden sitt anlegg dersom det ligg føre eit vesentleg kontraktsbrot frå kunden si side, til dømes vesentlege brot på plikta til å betale skuldig nettleige. Dersom nettselskapet også leverer kraft i samsvar med reglane om leveringsplikt, vil vesentlege brot på plikter som gjeld kraftleveransen også kunne utløyse stenging.

Stenging av eit anlegg frittek ikkje kunden for betaling av nettarriffen sine faste kostnader, leige av målar m.m. i den tida anlegget er stengt.

Stenging kan ikkje skje dersom

- kunden har innvendingar mot grunnlaget for stenginga som ikkje er openbert grunnlause.
- det er fare for liv, helse eller vesentleg skade på ting. Kunden har sjølv eit ansvar for å dokumentere dette.

§ 7-2 Prosedyrar for stenging

Før stenging kan skje, skal nettselskapet ha prøvd å kontakte kunden personleg og kunden skal motta eit skriftleg stengevarsel som skal sendast til kunden si faktureringsadresse.

Av stengjevarselet skal det gå fram:

- at kunden kan unngå stenging ved betaling innan fire veker frå den dato varselet blei sendt
- ei oppfordring til kunden om snarleg å kontakte nettselskapet dersom stenging kan medføre fare for liv, helse eller vesentleg skade på ting.
- ei oppfordring til kunden om snarleg å kontakte nettselskapet dersom kunden har innvendingar mot grunnlaget for stenginga eller dersom kunden har betalingsproblem og liknande
- at kunden kan bli pålagt å dekkje nødvendige kostnader i samband med ei stenging og eventuell gjenopning av kunden sitt anlegg
- at kunden kan ta kontakt med sosialtenesta der han bur for å avklare om han har rett til økonomisk stønad for å avhjelpe situasjonen

Dersom sosialtenesta, innan fire veker etter at stengjevarsel er sendt, har meldt skriftleg at dei tek på seg ansvaret for å oppfylle kunden sine plikter, kan ikkje anlegget stengjast.

Stengjevarsel kan sendast i same brevet som inkasso/purrevarsel dersom det går klart fram at dette også er eit stengjevarsel.

Nettselskapet kan krevje at kunden dekkjer nødvendige kostnader i samband med stenging og eventuell gjenopning av forbrukeren sitt anlegg. Nødvendige kostnader knytt til utarbeiding og sending av varsel kan krevjast dekt sjølv om stenging ikkje finn stad. Nettselskapet kan ikkje krevje å få dekt kostnadene sine etter første og andre punktum dersom det har opptredd i strid med reglane § 7-1 eller § 7-2.

§ 7-3 Gjenopning av stengt anlegg

Dersom nettselskapet har stengt eit anlegg, kan ingen andre enn nettselskapet eller deira representant opne anlegget igjen. Eit anlegg som er rettmessig stengt på grunn av manglande betaling, vil ikkje gjenopnast før all gjeld til nettselskapet og kostnader i samband med stenginga og gjenopning, er betalt. Gjenopning kan likevel skje dersom nettselskapet og kunden blir samde om ein avtale om nedbetaling av gjeld og eventuelt at sosialtenesta eller andre i tillegg stiller garanti for løpande utgifter.

§ 7-4 Erstatningsansvar ved rettmessig stenging

Nettselskapet er ikkje ansvarleg for skadar eller tap som kan oppstå hos ein nettkunde ved rettmessig stenging.

§ 8 UTKOPLING OG INNKOPLING AV INSTALLASJONEN

§ 8-1 Utkopling og innkopling

Utkopling og innkopling kan berre utførast av nettselskapet eller deira representant. Nettselskapet er ikkje ansvarleg for skade eller tap ved ut- eller innkoplingar som er heimla i § 8, med mindre noko anna følgjer av § 14-2.

Dersom nettselskapet har kopla ut eit anlegg, kan ingen andre enn nettselskapet eller deira representant kople innatt anlegget, jf også § 7-3.

§ 8-2 Fråkopling utan nærare varsel

Nettselskapet utfører fråkopling utan nærare varsel dersom:

- installasjonen er farleg
- installasjonen treng utbetring straks
- bruk kan medføre skade eller ulemper for kunden, nettselskapet eller andre

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)/det lokale eltilsyn kan etter Forskrift om elektriske lavspenningsanlegg fastsett av Produkt- og elektrisitetstilsynet med hjemmel i lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr § 2, kople frå eit forskriftsstridig anlegg dersom pålegg om utbetring av manglar ved installasjonen ikkje er utført til avtalt tid, eller dersom det ikkje er brukt godkjende apparat.

§ 8-3 Utkopling etter nærare varsel

Nettselskapet kan kople ut nettkundar for å gjennomføre vedlikehald, fornying, ombygging, feilsøking, feilretting eller utviding av nettselskapet eller andre nettkunder sine installasjonar.

Nettselskap skal når dei planlegg arbeid som medfører avbrot eller redusert leveringskapasitet til sluttbrukarar, varsle dei aktuelle nettkundane om tidspunkt og lengde i rimeleg tid før arbeida vert sett i gang. Varslinga skal skje på ein føremålstenleg måte.

Nettselskap skal under driftsforstyrning, så langt som råd og på ein tenleg måte, ha tilgjengeleg informasjon for aktuelle nettkundar om årsak til driftsforstyrringa og tidspunktet ein ventar gjenoppretta forsyning. Sjå elles § 13-2.

I den utstrekning det er råd, skal utkoplinga leggjast til tider som er til minst ulempe for kunden.

Varsel om utkopling medfører ingen plikt for nettselskapet til å kople ut anlegget i heile eller delar av det varsla tidsrommet.

§ 9 INKASSO

Inkasso skjer i samsvar med inkassolova.

§ 10 KONKURS

Er kunden konkurs, og ein panthavar eller konkursbuet tilbyr seg å teikne ny avtale, kan nettselskapet ikkje avslå eit slikt tilbod. Så vel ein panthavar som konkursbuet har krav på ny kontrakt med nettselskapet, og kan på same måten som andre nye nettkundar motsetje seg eit krav frå nettselskapet om dekning av den tidlegere kunden si gjeld som vilkår for inngåing av nettleigeavtale. Tilsvarande gjeld også i den grad nettselskapet også leverer kraft etter reglane om leveringsplikt.

Det kan krevjast sikring for at betaling skjer i rett tid.

§ 11 OPPSEIING AV NETTLEIGEAVTALE

§ 11-1 Oppseiing

Dersom kunden flyttar, eller på annan måte blir avstengd frå å nytte nettet, kan avtalen seiast opp med 14 dagars varsel.

Ved manglande oppseiing av avtalen er kunden ansvarleg for nettleiga inntil nettselskapet får lese av målararen eller har inngått avtale med annan nettkunde. Dersom nettselskapet også leverer kraft etter reglane om leveringsplikt, gjeld tilsvarende for kraftsalet.

§ 11-2 Avrekning ved oppseiing

Kunden blir avrekna fram til utløpet av oppseiingsfristen, eller til målaravlesing ligg føre.

Kunden pliktar å underrette nettselskapet om tilkomst for avlesing av målar og for eventuell fråkopling av anlegget.

§ 12 KUNDEN SINE KRAV VED FORSEINKING og MANGLAR

§12-1 Forseinking

Nettselskapet si yting er forseinka dersom det oppstår eit avbrot i leveringa.

§ 12-2 Mangel

Nettselskapet si yting har ein mangel dersom den ikkje er i samsvar med forskrift om leveringskvalitet eller avtalen med kunden.

§ 12-3 Kunden sine krav ved forseinking eller manglar

Dersom det ligg føre ei forseinking eller ein mangel, og dette ikkje skuldast kunden eller forhold på kunden si side, kan kunden

- halde tilbake betalinga for å dekkje krav som følgje av forseinkinga eller mangelen, men ikkje openbert meir enn det som vil gi trygg sikring for kravet.
- krevje erstatning for tap som følgje av forseinkinga eller mangelen, jf § 13.

Dersom det ligg føre ein mangel, og dette ikkje skuldast kunden eller forhold på kunden si side, kan kunden i tillegg krevje prisavslag.

Kunden kan gjere sitt mangelskrav mot nettselskapet gjeldande mot overliggande nett etter reglane i forbrukarkjøpslova § 35.

§ 12-4 Utbetaling til kunden ved svært langvarige avbrot

Kunden kan krevje å få direkte utbetalt eit beløp frå nettselskapet ved svært langvarige avbrot. Svært langvarige avbrot er avbrot som varer i meir enn 12 timar, og beløpstorleik er fastsett i forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettverksemda og tariffar.

For avbrot over 72 timar skal det gjevast eit standardisert tillegg for kvar nye påbegynte tjuetimetars periode avbrotet varer.

Kunden må fremje krav etter første ledd innan rimeleg tid etter at normal forsyning vart gjenoppretta.

For fritidsbustader kan eit samla årleg krav ikkje overstige forventa innbetalt nettleige for inneverande år.

§ 12-5 Avhjelp

Nettselskapet har rett og plikt til å avhjelpe forseinking og mangel utan kostnad for kunden innan rimeleg tid etter at kunden har gitt beskjed om dette.

§ 12-6 Reklamasjon

Kunden taper retten sin til å gjere ein mangel gjeldande dersom han ikkje innen rimeleg tid etter at han oppdaga eller burde ha oppdaga mangelen, gjev nettselskapet beskjed. Denne fristen er aldri kortare enn to månader frå det tidspunkt kunden oppdaga mangelen.

Reklamasjon må seinast skje to år etter det tidspunktet mangelen oppstod.

§ 13 ERSTATNING

§ 13-1 Nettselskapet sitt erstatningsansvar

Nettselskapet er ansvarleg for tap kunden lir som følgje av forseinking eller manglar ved ytinga. Dette gjeld likevel ikkje så langt nettselskapet godtgjer at forseinkinga eller mangelen skuldast årsaker utanfor selskapet sin kontroll, og som det ikkje er rimeleg å vente at selskapet vurderte med sikte på å unngå eller overvinne følgjene av på avtaletidspunktet.

Skuldast forseinkinga eller mangelen ein tredjeperson som nettselskapet har gitt i oppdrag heilt eller delvis å oppfylle nettleigeavtalen, er nettselskapet fri for ansvar berre dersom også tredjepersonen ville vore friteken etter regelen i første ledd. Det same gjeld om forseinkinga eller mangelen skuldast ein leverandør som nettselskapet har brukt, eller andre i overliggande nett.

Ansvarsfridommen gjeld så lenge hindringa er til stades. Fell hindringa bort, kan ansvar gjerast gjeldande dersom nettselskapet då pliktar å oppfylle, men ikkje gjer dette.

§ 13-2 Opplysningsplikt ved avbrot og spenningsvariasjonar

Nettselskapet skal ved avbrot og spenningsvariasjonar så langt som råd informere dei aktuelle nettkundane om årsaka til avbrotet eller spenningsvariasjonen og venta tidspunkt for gjenoppretta forsyning. Informasjonen skal gjevast på ein tenleg måte.

Får kunden ikkje slik melding innan rimeleg tid etter at selskapet fekk eller burde ha fått kjennskap til årsaka til avbrotet eller spenningsvariasjonen, kan kunden krevje erstatta tap som kunne ha vore unngått om han hadde fått meldinga i tide.

Sjå elles § 8.

§ 13-3 Produktskade

Det vert vist til forbrukarkjøpslova § 34.

§ 13-4 Erstatningsomfang

Erstatninga for forseinka eller mangelfull yting skal svare til det økonomiske tapet kunden er påført ved kontraktbrotet. Dette gjeld likevel berre tap som det var rimeleg at ein kunne ha forutsett som ei mogleg følgje av kontraktbrotet.

Erstatninga omfattar ikkje

- a) tap som følgje av personskade
- b) tap i kunden si næringsverksemd

§ 13-5 Plikt til å avgrense tapet. Lemping av ansvar

Kunden skal ved rimelege tiltak avgrense tapet sitt. Forsømer kunden dette, må han sjølv bere den tilsvarande delen av tapet.

Erstatninga kan setjast ned dersom ho vil verke urimeleg for nettselskapet ut frå tapet sin storleik i forhold til tap som vanlegvis oppstår i liknande tilfelle, og forholda elles.

§ 13-6 Kunden sitt erstatningsansvar

Nettselskapet kan krevje erstatning for tap det lir som følge av kontraktsbrot frå kunden si side. Dette gjeld likevel ikkje så langt kunden godtgjer at kontraktsbrotet skuldast hindring utanfor kunden sin kontroll og som det ikkje er rimeleg å vente vart vurdert med sikte på å unngå eller overvinne følgjene av på avtaletidspunktet.

§ 14 NY NETTAVTALE INNAN SAME HUSSTAND

Kunden kan overdrage nettleigeavtalen med tilhøyrande rettar og plikter til andre innan same husstand. Dette krev nettselskapet sitt forutgåande samtykke. I den utstrekning gjelda er opparbeidd saman, kan ikkje anna medlem av same husstand, også sambuar eller annan brukar av same anlegg, teikne ny nettleigeavtale med mindre all gjeld til nettselskapet er betalt eller gjeldsplikta vert overteken.

§ 15 TEIEPLIKT

Nettselskapet skal ikkje utlevere personopplysningar som vedkjem kunden eller nokon i same husstand, til utanforståande, unnateke når utlevering av slike opplysningar skjer:

- a) med samtykke frå den opplysninga gjeld
- b) med heimel i lov, eller i forskrift gjeven med heimel i lov eller
- c) som ledd i betalingsinnkrevjing m.m. når det ligg føre sakleg grunn.

Teieplikta er likevel ikkje til hinder for at nettselskapet kan informere tredjemann om at eit anlegg vil bli eller er utan straum og at dette kan medføre skade, økonomisk tap eller ulempe for tredjemann.

§ 16 ENDRINGAR I STANDARD NETTLEIGEAVTALE

Endringar av innhaldet i denne standard nettleigeavtalen må skje i samråd med Forbrukarombudet.

Endringane skal kunngjerast med 14 dagars varsel som direkte melding til kunden eller på annan eigna måte.

§ 17 TVISTAR

Usmje om vilkår for tilknytning og bruk av nettet kan bringast inn til Norges vassdrags- og energidirektorat, som vil fatte vedtak i saka.

Tvistar vedrørande standard nettleigeavtale kan elles føreleggast Elklagenemnda, eller bringast inn for domstolane. Så lenge ein tvist er til handsaming i nemnda, kan ikkje ein part bringe den inn for dei alminnelege domstolane. Ein tvist er rekna for å vere til handsaming frå det tidspunktet kravet om klagehandsaming er kome inn til nemnda. Ei sak som nemnda har realitetshandsama, kan bringast direkte inn for tingretten.

STANDARD TILKNYTNINGSVILKÅR - Privatkundar

§ 1 GENERELT	16
§ 2 TINGING OG GODKJENNING AV TILKNYTING.....	16
§ 2-1 Avtaleforholdet og tilknytingsvilkår.....	16
§ 2-2 Tinging av tilknytning	16
§ 2-3 Stadfesting av tinging	16
§ 2-4 Føresetnader for tilknytning	16
§ 2-5 Overdraging av elektrisk installasjon	17
§ 2-6 Drift og vedlikehald av installasjonar	17
§ 2-7 Tolking av tilknytingsvilkåra.....	17
§ 2-8 Personopplysningar.....	17
§ 3 FRAMFØRING OG PlassERING AV DISTRIBUTJONSNETT	18
§ 3-1 Tileigning av rettar til grunn for leiðningsframføring	18
§ 3-2 Nettrasé og plassering av nødvendig utstyr	18
§ 3-3 Framføring av distribusjonsnett/stikkleiðning til installasjonseigar sitt eige bruk	18
§ 3-4 Framføring av distribusjonsnett /stikkleiðning til andre.....	18
§ 3-5 Plassering av nettstasjonar	18
§ 3-6 Tilgang til distribusjonsnett og installasjon	18
§ 3-7 Bruk av arbeidsmaskinar nær leiðningsnett.....	18
§ 3-8 Grunneigar/festar si informasjonsplikt	19
§ 3-9 Skade på nettselskapet sin eigedom.....	19
§ 3-10 Flytting eller fjerning av leiðningar/nett.....	19
§ 4 TILKNYTING.....	19
§ 4-1 Tilknytingspunktet.....	19
§ 4-2 Fysisk tilknytning	19
§ 4-3 Annan utføring.....	20
§ 4-4 Mellombels tilknytning.....	20
§ 4-5 Tilknytingsgebyr.....	20
§ 4-6 Endra systemspenning	20
§ 5 ANLEGGSBIDRAG	20

§ 7 FRÅKOBLING OG TILKOBLING AV INSTALLASJONEN	21
§ 7-1 Fråkobling utan nærare varsel.....	21
§ 7-2 Fråkobling etter nærare varsel	21
§ 8 ANSVARFORHOLD.....	21
§ 8-1 Kunden sine krav ved manglar	21
§ 8-2 Nettselskapet sitt erstatningsansvar	21
§ 8-3 Installasjonseigar sin medverknad	22
§ 8-4 Personskade	22
§ 9 ENDRING AV TILKNYTINGSVILKÅR.....	22
§ 9-1 Endring av standard tilknytingsvilkår	22
§ 9-2 Endring av særskilt avtalte tilknytingsvilkår	22
§ 10 TVISTAR.....	22

§ 1 GENERELT

Standard tilknytingsvilkår regulerer forholdet mellom nettselskapet og eigaren av den elektriske installasjonen som vert knytt til distribusjonsnettet. Bruk av distribusjonsnettet til uttak av kraft er regulert av standard nettleigeavtale mellom nettselskapet og brukar (nettkunde).

Tilknytning av ein elektrisk installasjon kan også innverke på forholdet til ein grunneigar eller andre som disponerer rettar over ein eigedom utan at desse er identiske med installasjonseigar. Forholdet mellom nettselskapet og desse er også regulert av standard tilknytingsvilkår, når dette går fram av den enkelte paragraf.

Ansvarsforholdet mellom nettselskapet og nettkundar er omtala i standard nettleieavtale. Dei same prinsippa gjeld så langt dei passar også for forhold som er regulerte i standard tilknytingsvilkår. Nokre hovudprinsipp er gitt i § 8. For å få ei fyldigare forståing av ansvarsforholdet, vert det vist til standard nettleigeavtale.

§ 2 TINGING OG GODKJENNING AV TILKNYTING

§ 2-1 Avtaleforholdet og tilknytingsvilkår

Avtaleforholdet omfattar desse standard tilknytingsvilkåra og dei føresetnadene som er lagt til grunn for tilknytninga. Dersom føresetnadene for tilknytning av ein installasjon blir vesentleg endra, kan nettselskapet krevje å få dekt kostnader knytt til drift og vedlikehald og som ikkje vert dekt av nettleiga.

§ 2-2 Tinging av tilknytning

Tinging av tilknytning bør skje på høveleg skjema og så tidleg som råd i planfasen. Den som tingar tilknytning av ein elektrisk installasjon, må mellom anna gi følgjande informasjon:

- om tinginga gjeld permanent eller mellombels tilknytning
- om tinginga gjeld ny installasjon eller endra installasjon som medfører behov for endring i tilknytingspunktet.
- installasjonseigar sitt fullstendige namn
- installasjonseigar sitt føretaksnr/fødselsdato/bustadsadresse/næringsadresse
- installasjons - /anleggsadresse
- forslag til energi- og effektbudsjett
- installasjonen sitt bruksføremål
- plassering av målepunkt/overbelastningsvern

§ 2-3 Stadfesting av tinging

Nettselskapet melder skriftleg til installasjonseigar eller representanten hans om tinginga er godkjend med dei innmelde data, eller om det krevst ytterlegare informasjon. Eventuell nekting skal vere sakleg og med skriftleg grunngjeving. Saman med nettselskapet si tilbakemelding til installasjonseigar skal vedleggast eit eksemplar av desse standard tilknytingsvilkåra.

§ 2-4 Føresetnader for tilknytning

Ein elektrisk installasjon blir tilknytt nettselskapet sitt distribusjonsnett med dei føresetnader som er gitt i nettselskapet si tilbakemelding til installasjonseigar og med dei rettar og plikter som følgjer av desse standard tilknytingsvilkåra, og dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter.

For dimensjonering av tilknytninga legg ein til grunn eit energi- og effektbudsjett det er semje om.

Føresetnadene for tilknytninga skal dokumenterast i eit eige vedlegg til desse standardvilkåra og kan tinglysast for nettselskapet sin kostnad.

Vedlegget kan innehalde følgjande informasjon:

- utforming av tilknytingspunktet
- ansvar for drift og vedlikehald av stikkledning
- energi og effektbudsjett
- gjensidig rett til etterrekning av anleggsbidrag
- installasjonen sitt bruksformål
- plassering av målepunkt/overbelastningsvern

§ 2-5 Overdraging av elektrisk installasjon

Dersom ein elektrisk installasjon skiftar eigar etter tilknytning, går ny eigar inn i same rettane og pliktene som opphavleg eigar. Melding om ny installasjonseigar skal sendast nettselskapet.

Ved overdraging av eigarskap til ein elektrisk installasjon som er knytt til nettselskapet sitt fordelingsnett, skal eigar informere den nye eigaren om rettar og plikter som er avtalt mellom partane.

§ 2-6 Drift og vedlikehald av installasjonar

Installasjonseigar er ansvarleg for å bygge, drive og vedlikehalde installasjon sin i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande forskrifter. Oppstår det feil på installasjonen, skal installasjonseigar straks melde frå til autorisert elentreprenør/nettselskap og sørge for at nødvendig utbetring/feilretting vert gjort.

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)/det lokale eltilsynet har i samsvar med gjeldande lover og forskrifter rett til utvida tilgang til alle installasjonar til anleggseigar/brukar.

§ 2-7 Tolking av tilknytingsvilkåra

Ved tvil om forståing av omgrep og uttrykk som er brukte i desse vilkåra, skal definisjonane i vedlagde definisjonsliste leggast til grunn. Dette med mindre noko anna er sagt i eller går fram av samanhengen i desse vilkåra.

§ 2-8 Personopplysningar

Ved avtale om standard tilknytingsvilkår kan nettselskapet krevje identifikasjon av kunden med opplysningar om kunden sitt fullstendige namn, fødselsdato/føretaksnummer, noverande og tidlegare bustads-/næringsadresse, m.m.

Nettselskapet har også rett til å krevje opplysningar om forbruksdata, også opplysningar om anlegget heilt eller delvis er tenkt brukt til bustad-, fritids- eller næringsføremål. Dersom anlegget hovudsakleg vert brukt til næringsverksemd, kan nettselskapet krevje at det blir inngått eigen avtale for næringsverksemda.

Nettselskapet skal ikkje utlevere personopplysningar knytt til anleggseigar eller nokon i husstanden hans til utanforståande, unnateke når utlevering av opplysningar skjer

- a) med samtykkje frå den opplysninga gjeld
- b) med heimel i lov, eller i forskrift gitt med heimel i lov eller
- c) som ledd i betalingsinnkrevjing m.m. der det ligg føre sakleg grunn

Nettselskapet og anleggseigar og deira tilsette og andre hjelparar, har på same vis plikt til å teie overfor uvedkomande om det dei får vite om kvarandre sine drifts- og forretningsforhold m.m.

§ 3 FRAMFØRING OG PLASSERING AV DISTRIBUTJONSNETT

§ 3-1 Tileigning av rettar til grunn for leiðningsframføring

Nettselskapet tileignar seg rettar til framføring av og tilgang til lavspennings distribusjonsnett. Det blir ikkje betalt vederlag for slike rettar, unnateke eventuelt for rett til plassering av nettstasjon.

§ 3-2 Nettrasé og plassering av nødvendig utstyr

Ved framføring av distribusjonsnett har grunneigar/festar på førehand rett til å uttale seg om nettrasé og plassering av nødvendig utstyr. Nettselskapet skal sjå til at plassering og utforming av nettet i så liten grad som råd fører til ulemper for grunneigar/festar. Elles viser ein til "Lov om rettstilhøve mellom grannar" av 16. juni 1961 nr. 15 og "Plan og bygningsloven" av 14. juni 1985 nr. 77. Når nettselskapet brukar nett/trasé til anna enn energioverføring, skal dette skje utan unødvendig ulempe for grunneigar/festar og installasjonseigar.

§ 3-3 Framføring av distribusjonsnett/stikkleiðning til installasjonseigar sitt eige bruk

Nettselskapet avgjer plassering og korleis stikkleiðninga skal framførast. Det same gjeld for stikkleiðninga sin art og dimensjon.

Grunneigar/festar skal utan vederlag eller erstatning gi tilgang til framføring av nødvendig distribusjonsnett og/eller stikkleiðning for tilknytning av eigen installasjon. Framføringa skal skje til minst mogleg ulempe for grunneigar/festar. På førehand påviser nettselskapet, så langt det let seg gjere, leiðningstrasé, plassering av stolpar og anna utstyr for grunneigar/festar. Grunneigaren har ikkje krav på erstatning for skadar og ulemper som stikkleiðninga kan medføre, unnateke ved aktløyse frå nettselskapet si side.

Nettselskapet har rett til å framføre og vedlikehalde distribusjonsnettet. Det same gjeld andre som har rett til å nytte leiðningstraséen. Framføring og vedlikehald skal skje til minst mogleg ulempe for grunneigar/festar.

§ 3-4 Framføring av distribusjonsnett /stikkleiðning til andre

Nettselskapet har rett til å legge luftleiðning eller jordkabel, som distribusjonsnett eller stikkleiðning, over grunn som ein installasjonseigar eig eller festar, fram til andre installasjonseigarar. Framføringa skjer som regel utan vederlag, men installasjonseigar har på førehand rett til å uttale seg om leiðningstrasé og plassering av stolpar og anna utstyr. Distribusjonsnettet og arbeidet med dette skal føre til så lite ulemper som råd for grunneigar eller festar.

§ 3-5 Plassering av nettstasjonar

Ved tilknytning av større installasjonar har nettselskapet rett til å krevje avstått rom i bygning eller på tomt til nettstasjon(ar). Plassen som vert stilt til rådvelde, skal på førehand vere godkjend av nettselskapet. Vederlag vert til vanleg fastsett som ein eingongssum og storleiken blir avtalt mellom partane eller etter rettsleg skjøn. Nettselskapet kan utan ytterlegare godtgjersle føre leiðningar ut fra nettstasjonen for å knyte til andre elektriske installasjonar. Dette skal skje med minst mogleg ulempe for grunneigar/festar.

§ 3-6 Tilgang til distribusjonsnett og installasjon

Installasjonseigar skal gi nettselskapet, og andre som nyttar leiðningsnettet, uhindra tilgang til eigedommen for vedlikehald og drift av nettet og tilknytingspunktet. Nettselskapet kan etter førehandsvarsel til grunneigar gjere nødvendig kvisting og rydding av tre ut frå sikringsomsyn og for å hindre skade på leiðningane. Inngrep skal skje med minst mogleg ulempe for grunneigar/festar. Nettselskapet skal ha uhindra tilgang til nettstasjonar, også når desse er plassert i installasjonseigar sitt bygg.

§ 3-7 Bruk av arbeidsmaskinar nær leiðningsnett

Bruk av arbeidsreidskap nær, ved og under leiðningsanlegg skal berre skje etter tilvising frå nettselskapet slik at ulukker og skade på personar, leiðningsanlegg og anna materiell kan unngåast. Ved bruk av anleggsreidskap nærare høgspenningsanlegg enn 30 m, skal nettselskapet kontaktast så tidleg som råd før arbeidet startar. Nettselskapet vil gi rettleiðning om sikring av arbeidet og påvise minste sikre avstand til

leidningsanlegget under arbeidet. Dersom sikringsarbeidet medfører urimelege meirkostnader for nettselskapet, kan nettselskapet krevje desse dekt av den som står for arbeidet.

§ 3-8 Grunneigar/festar si informasjonsplikt

Grunneigar/festar har plikt til å informere nettselskapet på førehand når det skal gjerast gravearbeid, oppfylling eller annan endring av terrenget, sprenging, veibygging, felling av tre eller andre arbeid som kan skade eller på annan måte ha innverkan på netteigar sitt distribusjonsnett. Informasjon skal skje så tidleg at nødvendige tiltak kan setjast i verk. Dersom tiltaka fører til urimelege meirkostnader for nettselskapet, kan nettselskapet krevje desse dekt av den som står for arbeidet.

§ 3-9 Skade på nettselskapet sin eigedom

Nettselskapet kan krevje erstatning for skade ein installasjonseigar er årsak til på nettselskapet sin eigedom ved forsett eller aktløyse. Dersom nettselskapet ikkje blir varsla i tilfelle som nemnt i § 3-7 og § 3-8, eller varsla så seint at nettselskapet ikkje kan overhalde rettleiingsplikta, vil det til vanleg bli sett på som aktløyse.

§ 3-10 Flytting eller fjerning av leidningar/nett

Dersom det som følgje av offentlege påbod, eller etter grunneigar sitt behov er nødvendig, kan det krevjast flytting, forandring eller fjerning av stikkleidning eller lavspenningsnett. Tilsvarande kan berre unntaksvis krevast for høgspennings fordelingsnett. Nettselskapet utfører normalt arbeidet med flytting, forandring eller fjerning av stikkleidning eller lavspenningsnett for rekvirenten si rekning.

Nettselskapet utfører flytting, endring eller fjerning av høgspenningsanlegg på privat eigedom for rekvirenten si rekning, dersom ikkje annan avtale er inngått.

Nettselskapet kan fjerne stikkleidninga og den delen av distribusjonsnettet som forsyner ein installasjon/anlegg som har vore utan nettleigekunde i minst 3 år. Før slik fjerning finn stad, skal nettselskapet skriftleg varsle installasjonseigar. Dersom nettselskapet ikkje mottek stadfesting av at ein vil oppretthalde tilknytninga innan ein måned, kan nettselskapet fjerne dei aktuelle nettdelane.

§ 4 TILKNYTING

§ 4-1 Tilknytingspunktet

Tilknytingspunktet markerer overgangen mellom nettselskapet sitt distribusjonsnett og den elektriske installasjonen og gjev grensa for eigedomsforhold og ansvar for drift og vedlikehald.

Tilknytingspunktet kan vere definert som:

- det punkt i distribusjonsnettet der stikkleidninga er tilknytt, eller
- tilkoblingsklemme på husvegg eller grunnmur for kabel eller luftnett

I det siste tilfellet blir stikkleidning ein del av nettselskapet sitt distribusjonsnett. Tilknytninga vert gjort etter nettselskapet sin standard for området. Installasjonen vert knytt til distribusjonsnettet med avtalt spenningsnivå. Tilknytingspunktet er vist på skjemaet "Melding om installasjonsarbeid" eller eit anna skjema.

Dersom stikkleidninga er ein del av nettselskapet sitt distribusjonsnett, avgjer nettselskapet korleis stikkleidninga skal førast fram, plasserast og art og dimensjon til leidninga. Framføring av stikkleidning vert gjort i samråd med installasjonseigar/grunneigar og skal vere han til minst mogleg ulempe. Nettselskapet fører som regel fram berre ei stikkleidning til kvar installasjon. Det kan ikkje krevjast erstatning for ulemper som stikkleidninga seinare kan medføre, unnateke ved aktløyse frå nettselskapet si side.

§ 4-2 Fysisk tilknytning

Tilknytninga skal skje så snart som praktisk råd etter at installasjonen er meld ferdig, eller etter nærare avtale. Ingen andre enn nettselskapet, eller ein representant for selskapet, har høve til å knyte ein installasjon til distribusjonsnettet. Urettmessig tilknytning av ein installasjon fører til erstatningsansvar og kan medføre straffeansvar.

§ 4-3 Annan utføring

Dersom installasjonseigar ønskjer tilknytning utført på ein annan måte enn nettselskapet sin standard for området, kan nettselskapet utføre arbeidet etter tinging og krevje eventuelle meirkostnader dekt av installasjonseigar. Etter avtale mellom installasjonseigar og nettselskapet kan arbeidet i tilknytingspunktet utførast av ein tredje part som må godkjennast av nettselskapet.

§ 4-4 Mellombels tilknytning

Mellombels tilknytning av ein installasjon til nettselskapet sitt distribusjonsnett vert utført etter tinging frå installasjonseigar. Tinginga skjer på same måten som for permanent tilknytning. Framføring, montering, demontering og eventuelt vedlikehald av mellombels låg-/høgspennings distribusjonsnett skal betalast av tingar før arbeidet vert sett i gang. Ved mellombels tilknytning kan nettselskapet og installasjonseigar inngå avtale om at arbeidet i tilknytingspunktet vert utført av ein tredje part som må godkjennast av nettselskapet. Før spenninga vert sett på, skal nettselskapet synfare og godkjenne arbeidet.

§ 4-5 Tilknytingsgebyr

Nettselskapet kan i samsvar med offentlege forskrifter fastsette at det ved nye tilknytningar eller ved oppdimensjonering av ei eksisterande tilknytning skal etalast eit tilknytingsgebyr. Gebyret skal vere generelt og leggst på alle nye tilknytningar i nettet. Gebyret kan differensierast etter overbelastningsvern (sikringsstorleik).

§ 4-6 Endra systemspenning

Nettselskapet har rett til å endre systemspenninga. I så fall skal nettselskapet bere kostnaden med nødvendig omlegging av installasjonar. For eventuell ytterlegare oppgradering av installasjonar ber installasjonseigar kostnaden.

§ 5 ANLEGGSBIDRAG

Anleggsbidrag vert utrekna etter gjeldande forskrifter. Nettselskapa kan fastsette eit anleggsbidrag for å dekkje anleggskostnadene ved nye nettilknytningar eller ved forsterkning av nettet til eksisterande kundar.

Anleggsbidrag ved forsterkning av ei tilknytning kan reknast når kunden krev auka kapasitet eller kvalitet som utløyser behov for forsterkning. Anleggsbidraget skal reknast ut frå kostnadene som følgjer av kunden si tilknytning til nettet. Anleggsbidrag skal fastsettast uavhengig av kunden sitt venta energiuttak og kan maksimalt setjast til anleggskostnad for anlegget minus tilknytingsgebyr. Anleggskostnad set ein lik nødvendige kostnader ved tilknytninga eller forsterkningen, inklusive timeverk for personell, maskiner og utstyr.

Nettselskapet skal på førehand informere kunden om innkrevjing av, og utrekningsgrunnlaget for, anleggsbidraget.

Anleggsbidraget kan krevjast inn før arbeidet startar. Ved eventuell avtale om betaling på eit seinare tidspunkt, kan det krevjast garanti som sikring for anleggsbidraget.

Nettselskapet kan fordele anleggsbidraget mellom kundar som blir tilknytt på det tidspunktet anlegget er ferdig, og kundar som blir tilknytt på eit seinare tidspunkt, men seinast innan ti år etter at anlegget er ferdig. Fordelinga kan skje i form av ei etterutrekning av anleggsbidraget når nye kundar blir tilknytt, eller ved at nettselskapet forskoterer investeringskostnadene og fastset anleggsbidraget andelsvis for de kundar som etter kvart blir knytt til nettet.

Permanent distribusjonsnett/stikkledning som er bygt eller forsterka i samband med tilknytning fram til tilknytingspunktet, er normalt e-verket sin eigedom og nettselskapet har drifts- og vedlikehaldsplikt. Dette gjelder også dersom distribusjonsnett/stikkledning er heilt eller delvis finansiert ved anleggsbidrag.

Plassering av målepunkt skal avtalast i samband med tinging av tilknytning. Normalt skal ein installasjon ha eitt (1) målepunkt som vert plassert så nært tilknytingspunktet som råd. Plassering av målepunktet skal vere

godkjent av nettselskapet, og nettselskapet kan krevje at måleutstyret vert plassert utandørs i låst skap og/eller vere avlesbart utanfrå. Nettselskapet skal ha uhindra tilgang til måleutstyret.

Ved tilknytning monterer nettselskapet eller deira representant måleutstyr for avrekning av nettleie og kraftkjøp. Nettselskapet fastset storleik og type måleutstyr og eventuelle kontrollapparat, eig desse og utfører nødvendig vedlikehald.

Installasjonseigar kan ikkje ta i bruk ein installasjon før måleutstyret er montert, eller det er gjort annan avtale med nettselskapet. Dersom det er utført arbeid i målepunktet av installasjonseigar sin representant og arbeidet ikkje er i samsvar med nettselskapet sine krav, kan tilknytning utsettast til forholdet er ordna.

§ 7 FRÅKOBLING OG TILKOBLING AV INSTALLASJONEN

Fråkobling og tilkobling kan berre utførast av nettselskapet eller deira representant. Nettselskapet er ikkje ansvarleg for skade eller tap ved frå- eller tilkoplingar som er heimla i denne avtalen.

§ 7-1 Fråkobling utan nærare varsel

Nettselskapet koblar frå installasjonen utan nærare varsel dersom:

- installasjonen er farleg
- installasjonen treng utbedring straks
- bruk kan føre til skade eller ulemper for kunden, nettselskapet eller andre

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) /det lokale eltilsynet kan etter Forskrift om elektriske lavspenningsanlegg fastsett av Produkt og Elektrisitetstilsynet med heimel i lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr § 2, koble ut eit anlegg som er i strid med forskrifta dersom pålegg om utbetring av manglar ved installasjonen ikkje er gjort til avtalt tid, eller dersom det ikkje vert brukt godkjende apparat.

§ 7-2 Fråkobling etter nærare varsel

Nettselskapet kan koble frå ein installasjon etter nærare varsel dersom fråkoblinga er nødvendig av omsyn til ettersyn, vedlikehald eller utviding av nettselskapet eller andre nettkundar sine installasjonar.

Nettselskapet skal, så langt det er råd, varsle kunden direkte eller på annan eigna måte om fråkoblinga. I den utstrekning det er råd, skal fråkoblinga leggst til tider som er til minst ulempe for kunden og nettselskapet.

Varsel om fråkobling medfører ingen plikt for nettselskapet til å koble frå anlegget i heile eller deler av det varsla tidsrommet.

§ 8 ANSVARFORHOLD

§ 8-1 Kunden sine krav ved manglar

Dersom det ligg føre ein mangel og dette ikkje skyldast kunden eller forhold på kunden si side, kan kunden

- halde tilbake betaling for å dekkje krav som følgje av mangelen, men ikkje openbertt meir enn det som vil gi ei trygg sikring for kravet.
- krevje erstatning for tap som følgje av mangelen.
- krevje prisavslag

Det vert elles vist til nettleigeavtalen § 12.

§ 8-2 Nettselskapet sitt erstatningsansvar

Nettselskapet er ansvarleg for tap kunden får som følgje av manglar ved ytinga. Dette gjeld likevel ikkje så langt nettselskapet godtgjer at mangelen skyldast årsaker utanfor selskapet sin kontroll, og som det ikkje er rimeleg å vente at selskapet vurderte med sikte på å unngå eller overvinne følgjene av på avtaletidspunktet.

Skuldast mangelen ein tredjeperson som nettselskapet har gitt i oppdrag heilt eller delvis å oppfylle tilknytingsvilkåra, er nettselskapet fri for ansvar berre dersom også tredjepersonen ville vore fritaken etter regelen i første ledd. Det same gjeld om mangelen skuldast ein leverandør som nettselskapet har brukt, eller nokon annan i tidlegare salsledd.

Ansvarsfridom gjeld så lenge hindringa er til stades. Fell hindringa bort, kan ansvar gjerast gjeldande dersom nettselskapet då pliktar å oppfylle, men ikkje gjer dette.

Det vert elles vist til nettleigeavtalen § 13.

§ 8-3 Installasjonseigar sin medverknad

Dersom installasjonseigar eller representanten hans har medverka til skaden eller tapet ved eiga skuld, kan nettselskapet sitt ansvar setjast ned eller falle bort, jfr. skadeserstatningslova § 5-1.

§ 8-4 Personskade

Ansvar for personskade er ikkje regulert av desse standardvilkåra. Det vert vist til allmenne erstatningsrettslege reglar.

§ 9 ENDRING AV TILKNYTINGSVILKÅR

§ 9-1 Endring av standard tilknytingsvilkår

Kunngjering om endring i desse standard tilknytingsvilkåra blir gitt som direkte melding til installasjonseigar eller på annan eigna måte. Endring av standard tilknytingsvilkår vil ikkje bli gjort gjeldande før vedtaksfør instans har gjort endeleg vedtak, og tidlegast 14 dagar etter at kunngjering er gjort. Endringar i standard tilknytingsvilkår må skje etter samråd med Forbrukarombodet.

§ 9-2 Endring av særskilt avtalte tilknytingsvilkår

Særskilt avtalte tilknytingsvilkår står partane fritt til å endre etter avtale.

§ 10 TVISTAR

Usekje om vilkår for tilknytning og bruk av nettet kan føreleggast Norges vassdrags- og energidirektorat, som då vil gjere vedtak i saka.

Twistar vedkomande standard tilknytingsvilkår kan elles føreleggast Elklagenemnda, eller bringast inn for domstolane. Så lenge ein tvist er til handsaming i nemnda, kan ikkje ein part bringe saka inn for dei alminnelege domstolane. Ein tvist er rekna for å vere til handsaming frå det tidspunktet krav om klagebehandling er kome inn for nemnda. Ei sak som nemnda har realitetsbehandla, kan bringast direkte inn for tingretten.

Definisjoner

Begrepene nedenfor er benyttet i standardvilkår for tilknytning og/eller i standardavtalene for nettleie og kraftlevering.

Anleggsadresse

Adressen til stedet der anlegg med målepunkt befinner seg.

Anleggsbidrag

Beregnet investeringstilskudd ved tilknytning av en ny kunde eller ved forsterkning av nettet til en eksisterende kunde.

Anleggseier/bruker

Den juridiske enhet (selskap eller fysisk person) som eier eller bruker en eiendom med elektriske installasjoner som er tilknyttet nettselskapet sitt.

Distribusjonsnett

Overføringsnett med nominell spenning opp til og med 22kV, med mindre annet er bestemt.

Eiendom

Enhver eiendom med elektriske installasjoner som er tilknyttet eller skal tilknyttes nettselskapets nett. Som eiendom regnes også eksempelvis en boligblokk eller et rekkehus. Den juridiske organiseringen av eiendommen er uten betydning og en boligblokk kan eksempelvis betraktes som en eiendom uavhengig av antall leiligheter i denne sammenheng.

Fast pris

Avtaler med fastpris kjennetegnes ved at en fast pris er avtalt for levering av kraft i en angitt tidsperiode, jf, § 5-1, i standard kraftleveringsavtale. Garantien om en fast pris omfatter ikke endringer i pris som skyldes endringer i offentlige avgifter.

Fordelingsanlegg/nett

Høyspennings- eller lavspenningsnett som nettselskaper bygger i henhold til offentlig områdekonsesjon.

Frakobling

Frakobling omfatter frakobling av installasjon ved hjelp av fysisk inngrep, bruk av verktøy og lignende og/eller utkobling av en installasjon ved hjelp av bryter, sikring eller annet betjeningsorgan.

Installasjonseier/bruker

Se ”Anleggseier/bruker”.

Kraftleverandør

Virksomhet som selger elektrisk energi til sluttbruker og som har omsetningskonsesjon. Som sluttbruker regnes kjøper av elektrisk energi som ikke selger denne videre.

Nettleie

Alle priser og annen økonomisk godtgjørelse (tariffer) som nettselskapet fastsetter for tilknytning til og bruk av elektriske nettanlegg.

Nettselskap

Selskap som eier overføringsnett eller har ansvar for nettjenester, og som har offentlig konsesjon.

Standard variabel kraftpris

Avtaler med standard variabel kraftpris kjennetegnes ved at prisen varierer med tilbud og etterspørsel etter kraft i markedet. Standard variabel kraftpris fastsettes og meddeles kunden forskuddsvis av kraftleverandøren. Kunden varsles om endringer i prisen før prisen endres, jf § 3-2 i Standard kraftleveringsavtale.

Stegning

Et fysisk tiltak som foretas av nettselskapet, og som tar sikte på å hindre uttak av elektrisk kraft før stengegrunnen er fjernet.

Stansing

Kraftleverandørens utøvelse av tilbakeholdsrett som innebærer at det ikke vil bli solgt kraft til kunden før betalingsmislighold er gjort opp.

Stikkledning

En ledning, luftledning eller kabel, fra netteiers fordelingsanlegg til anleggseier/brukers anlegg. Stikkledninger er en del av nettet.

Tariffer

Se ”Nettleie”

Tilkobling

Tilkobling av en installasjon representerer motstykket til frakobling og omfatter også innkobling som motstykke til utkobling – se ”Frakobling”.

Tilknytningsgebyr

Generelt gebyr ved tilknytning av nytt anlegg

